




Nytt helse- og velferdssenter – Plan og framdrift for byggeprosjektet

Byggeprosjektet blir gjennomført i faser



1.september 2018 – 15.november 2018 - samspelsfasen

Vi er no inne i samspelsfasen av prosjektet. Det er eit omfattande arbeid som skal gjerast i ein såkalla samspelsprosess denne hausten. Dette er ein del av kontrakten. Det er etablert arbeidsgrupper som ser på tekniske løysingar, materialval, løysingar for energi og miljø, utforming av dei ulike romma i bygget mv. Representantar for både tilsette og brukarar deltek i denne samspelprosessen. Ein del av dette arbeidet handlar også om å sjå på korleis naboane til det nye bygget blir påverka når sjølve bygginga startar opp, og finne løysingar på dette. Kommunestyret skal så godkjenne endeleg kostnadsramme. Dette arbeidet er planlagt avslutta med vedtak i kommunestyret i desember 2018.



Vestnes kommune

Arbeidsgruppene er slik samansett:

Bibliotek og kafè:

Hege Haugen	Einingsleiar for kultureininga
Karianne Austnes	Leiar for frivilligsentralen
Vigdis Ødegård	Biblioteksjef
Frode Gjelstenli	Kafè Maritz
Anny Gonzalez	Ungdomsrådet
Sarah Karadash	Ungdomsrådet
Liv Anne Øverås	Teken inn som rådgjevar
Magne Værholm	Leiar av gruppa

Heimetenestene, tenestekontor og medisinrom

Rita Skjeggstad	Heimetenestene
Astrid Bjermeland	Vestnes sjukeheim
Amanda Solevågseide	Tresfjord trygdeheim
Marit K. Tomren	Tenestekontor
Greta Bjerke	Leiar av gruppa

Legesenter:

Gitte Vinther	fastlege/ dagleg leiar Legesenter
Kari Lene K Skogvoll	helsesekretær/kontorleiar
Greta Bjerke	leiar av gruppa

Informasjon om kva som skjer i prosjektet



Vestnes kommune

Bugrupper/institusjon og omsorgsbustader

Astrid Bjermeland	sjukepleiar
Mona Eik	hjelpepleiar
Iren Olsen	hjelpepleiar
Magnhild Tautra	rehabiliteringsjukepleiar
Julie Slenes Leine	Råd for funksjonshemma
Arne Vike	Eldrerådet
Greta Bjerke	leiar av gruppa

Velferdsteknologi

Amanda Solevågseide	sjukepleiar (koordinator velferdsteknologiprojekt)
Magnhild Tautra	rehabiliteringssjukepleiar
Jonny Gjelsten	avd.leiar Bu- og habiliteringstenestene
Kristin Joranger	ergoterapeut

Drift av bygget

Jim Beyer	driftsteknikar
Geir Hole	vedlikehaldsansvarleg
Tobias Hay Slinning	ingeniør
Mona Janne Johansen	leiar av gruppa

Uteområde

Jim Beyer	driftsteknikar
Geir Hole	vedlikehaldsansvarleg

Informasjon om kva som skjer i prosjektet



Vestnes kommune

Tobias Hay Slinning ingeniør
Servicekontoret tekne inn ved evklaringsbehov
Mona Janne Johansen leiar av gruppa

Dette har skjedd - f.o.m. 15.april 2018 t.o.m. 30.juni 2018

IKT i det nye bygget

Prosjektstyret har hatt møte med kommunen sin IKT-organisasjon, ROR IKT. Fekk innspel til korleis og når ROR IKT må involverast nærare. Dette blir i samspelsfasen hausten 2018. Arbeid med IKT/velferdsteknologi blir lagt til det interkommunale prosjektet og omfattar både heimeteneste og institusjonsteneste. Det er gjort eigne anskaffingar saman med andre kommunar når det gjeld varslingsystem.

Bibliotek i det nye helse- og velferdsenteret

Medlemmane i juryen og prosjektstyret reiste på befaringsreise til Ulstein Arena og fekk omvisning og inspirasjon i planlegginga av eit moderne Vestnes bibliotek i det nye helse- og velferdsenteret.

Pris- og designkonkurranse

WSP og Vestnes kommune har svart ut fleire ulike spørsmål frå leverandørane opp mot prosjektet. Siste frist for spørsmål til konkurransen var 21.05.2018. Frist for leverandørane å levere tilbod var sett til 04.06.2018 kl 12.00
Juryen hadde første møte 05.06.2018.
Fortløpande juryarbeid, evaluering og forhandlinger gjennomført i vekene 23, 24, 25 og 26.
Leverandør er ikkje valgt ved utgangen av juni.

Informasjon om kva som skjer i prosjektet



Vestnes kommune

Ei krevjande periode.

Dette har skjedd - februar 2018 – t.o.m. 15.april 2018

Pris- og designkonkurranse

Dette er ein krevjande periode når det gjeld sjølve entrepriseforma; samspelsentreprise.

Konkurransen som har fått størst merksemd frå delar av prosjektgruppa.

Vi har ein pris- og designkonkurranse der aktuelle tilbydarar må prekvalifisere seg. I februar vart prekvalifiseringa lagt ut på Doffin, med frist for innlevering 28.02.2018. Vi fekk inn 6 søknadar om prekvalifisering. Vi har tidlegare bestemt (og det står også i konkurransedokumenta) at det berre er inntil 4 som kan levere inn forslag til løysing. To av søkjarane fekk difor avslag. Dei fire som er prekvalifiserte har fått tilsendt øvrige dokument i konkurransen. Vi har hatt eit felles møte med desse der vi gikk gjennom dokumenta og svarte på spørsmål. Fram til 21.05.2018 har leverandørane høve til å sende inn spørsmål om prosjektet. Leverandørane får same informasjon, spørsmål og svar blir difor anonymisert før dei blir sendt ut.

Informasjon til Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma –

Informasjon om kva som skjer i prosjektet



Vestnes kommune

februarmøtet - orientering om korleis konseptet og grunndata blir kvalitetsikra. Dei fekk også informasjon om arbeidet i Velferdsteknologiprojektet og Læringsnettverk for utvikling av gode pasientforløp. Arbeidet i dei to prosjektgruppene innan helse og omsorg pågår for fullt.

Informasjon til AMU

Arbeidsmiljøutvalet fekk informasjon om prosjektet den 20.mars.

Læringsnettverk for utvikling av gode pasientforløp

Arbeidet med kartleggingsverktøy pågår. Arbeider med utarbeiding av ei felles sjekklister for heimeteneste og institusjon. Har hatt skype-veiledning frå KS undervegs. Informasjon blir gitt ut til personalgruppene i personalmøter. Vi planlegg no oppstart av utprøving . Dette er ein del av oppgåvene fram mot ny regionsamling i prosjektet den 4. og 5. juni).

Vi planlegg eige opplegg fovyrr «Kva er viktig for deg – dagen « den 6. juni.

Velferdsteknologiprojektet

Tek del i workshop og samarbeid med dei andre Romsdalskommunene. Som del i spredningsprosjektet prioriterte Vestnes medisindispenser som eit av fleire velferdsteknologiske hjelpemidlar i kommunen.

I mars hadde vi presentasjon / demonstrasjon av Evondos (elektronisk medisindispenser), for ei gruppe arbeidstakarar og leiarar . Gjort avtale om leasing av 10 dispensere. Planlegg no oppstart i april.

Informasjon om kva som skjer i prosjektet



Vestnes kommune

Befaringar:

Heile juryen, prosjektgruppa og ein del fagfolk reiste til Rauma på befaring den 3.april.

Eksterne orienteringar:

Administrasjonssjefen orienterte om prosjektet til Vestnes Pensjonistforbund og til Fylkeseldrerådet.

Dette har skjedd - desember 2017 – t.o.m. 31.januar 2018

- Møte vedk velferdsteknologi i Vestnes 5.desember – Atea, WSP, ROR IKT, Vestnes kommune
- Befaring Eidet omsorgssenter, Haram kommune den 8.desember. Dette er eit nytt bygg som har vore i drift ei tid. Formålet med befaringa var å sjå på romløyisingane, korleis tenestetilbodet er lagt opp, bruk av velferdsteknologi og å sjå på teknisk anlegg. På befaringa deltok leiarar og tilsette frå helse og omsorg, tilsette frå eigedomsdrift, hovudverneombod, tillitsvald og representantar frå WSP.
- Den 13.desember inviterte vi entreprenørar, arkitektar og mulige underleverandørar til ein dialogkonferanse på Vestnes fjordhotell. Konferansen vart annonsert på Doffin og på heimesidene til kommunen. Vestnes kommune og WSP orienterte om byggeprosjektet og om konkurransen.
- Arbeidet i dei to prosjektgruppene innan helse og omsorg pågår ;
Læringsnettverk for utvikling av gode pasientforløp: her er det arbeid med oppgåver fram mot ny samling; regionsamling 17 og 18 januar. Det har blitt gitt generell informasjon om arbeidet i prosjektet i einingsleiarmøte for helse og omsorg.

Informasjon om kva som skjer i prosjektet



Velferdsteknologiprojektet ; Tenestereise. Prosessveiledning. Praktisk metodikk for endring av offentlige tjenester. Workshop med ei gruppe frå heimesjukepleien.

- Møte med Husbanken den 15.januar. Milda Lunde Stene, WSP, og kommunalsjef Magne Værholm var i møte med Husbanken Trondheim for å presenterte prosjektet. Positive tilbakemeldinger! Så langt dei såg det er det, vi planlegg innanfor det Husbanken stiller som krav for å få tilskott. Bibliotek i huset såg dei på som spennande. Søknad om tilskott kan sendast når entreprenør er valt og vi har fått kostnadsoverslag som byggjer på tilbod. Forhåpentlegvis i slutten av juni 2018.
- Orientering om prosjektet i arbeidsmiljøutvalet (AMU) den 23.januar
- Orienteringsmøte for ein del av naboane den 24.januar
- Kommunestyret godkjente den 25.januar konkurransegrunnlaget for bygging av nytt helse- og velferdsenter med førebels kostnadsoverslag og finansieringsplan. Det vart også bestemt at følgjande skal delta frå Vestnes kommune i juryen som skal velje entreprenør og vinnar av konkurransen: Ordførar Geir Inge Lien, varaordførar Randi Bergundhaugen, samt gruppeleiar for AP; Aud Sissel Suoranta. Frå administrasjonen deltek Greta Bjerke og Mona Janne Johansen.
- Konkurransegrunnlaget blir lagt ut på Doffin den 30.januar.

Dette har skjedd i perioden august- oktober 2017

- Oppstartsmøte i prosjektstyret. Avgjerd om aktivitetane i prosjektet og framdrifta. Prosjektstyret består av Tone Roaldsnes, Magne Værholm, Greta Bjerke og Mona Janne Johansen. I tillegg møter Jon Kjetil Gram og Milda Lunde Stene frå WSP.
- Kick-off for byggeprosjektet 21.september. Ca 50 deltakarar: leiarar, fagansvarlege, tilsette frå ulike tenestestader, tillitsvalde, representantar for brukarar/pårørande og representantar for eldrerådet og rådet for funksjonshemma. Her vart planane for vidare prosjektarbeid presentert og drøfta.



- To befaringar til Rauma Helsehus som er under bygging i Åndalsnes. Helsehuset skal vere ferdig i desember. Formålet med denne befaringa var å sjå på romløyisingane og få høyre korleis Rauma kommune har løyst dei tekniske utfordringane med velferdsteknologi. Her deltok leiinga i kommunen, prosjektstyret for byggeprosjektet, leiarar og tilsette innan helse og omsorg og tilsette frå Eining for eigedomsdrift.
- Fleire arbeidsgrupper har vore i gang med å utarbeide meir detaljerte beskrivelsar av løyisingane for dei ulike funksjonane i det nye bygget. Ei arbeidsgruppe har vurdert uteområdet og parkeringsløyisingane, og kome med sine innspel. Arbeidsgruppene leverte innspela i slutten av oktober. Konseptet er no kvalitetssikra og prinsippa og grunnlaget som arkitekten skal arbeide utifrå er blitt tydelegare.
- Prinsippa for dei tekniske løyisingane er under arbeid. Dette inneber også å sette ambisjonar for energi og miljø.
- Møte i utvida prosjektstyre 26/10. Gjennomgang av den heilskaplege løyisinga i det nye bygget, og drøfting av gevinstane ved at alle desse funksjonane blir samla i det nye bygget.

Aktivitetar som er nært knytta til etablering av nytt helse- og velferdsenter:

- Oppretting av kommunal arbeidsgruppe knytt til det interkommunale samarbeidet for Spredningsprosjekt for Velferdsteknologi i Romsdal (ROR). Prosjektet forankra i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Kommunal arbeidsgruppe skal m.a. gjennom samarbeid arbeide med behovskartlegging, forankring, utprøving gjennom prosjekt og implementering av teknologiområde.
- Vestnes er også med i læringsnettverk om velferdsteknologi i eit samarbeid mellom kommunar, «Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester» og Fylkesmannen. Opplæringa skal vere synkronisert med velferdsteknologiprojektet i Romsdal.
- Velferdsteknologidag i Giske; Representantar frå kommunal arbeidsgruppe tok del. Viktig å sjå moglegheiter og få inspirasjon. Foredrag og møte med fleire leverandører av ulike velferdsteknologi.
- Vestnes tek del i læringsnettverk «Gode pasientforløp for eldre og kronisk syke» i regi av KS og folkehelseinstituttet. Både kommunar og Helseforetaket i Møre og Romsdal er med. Tett samarbeid mellom kommune og helseforetak om å utvikle gode pasientforløp. Dette skal styrke kvalitetsarbeidet totalt sett. Kommunal arbeidsgruppe er oppretta. Første samling i oktober.

Dette har skjedd i november 2017

- Vestnes kommunestyre vedtok i møte den 16. november å auke talet på institusjonsplassar i helse- og velferdsenteret frå 16 til 32. I same møte stadfesta kommunestyret at folkebiblioteket skal etablerast i helse- og velferdsenteret

Informasjon om kva som skjer i prosjektet



Vestnes kommune

- Utvida prosjektstyremøte den 29.november der heile romprogrammet vart gjennomgått.
- Eigen kommunikasjonsplan er utarbeidd.
- Befaring til Fredrikstad i regi av ROR sitt Spredningsprosjekt Velferdsteknologi. Fredrikstad kommune har vore pionér i Norge i fleire år på Velferdsteknologi. Gjennomgang av Fredrikstad si tilnærming til Velferdsteknologi, og korleis dei har jobba strukturert for å sikre at heile kommunen er med. Omvisning ved Østsiden sykehjem.

Dersom du skulle ha spørsmål til prosjektet, ta gjerne kontakt med undertekna eller andre i prosjektstyret.
Sjå telefonnr under

Helsing

Tone Roaldsnes
administrasjonssjef

Tone Roaldsnes	909 84000
Magne Værholm	913 84000
Mona Janne Johansen	913 71800
Greta Bjerke	911 42009

Informasjon om kva som skjer i prosjektet